

# (25) TIDEFANTEN

Det er dagar då ein undrast kor tida vart av. Då har han vore på ferde, tidefanten, han som tek frå deg tida di, anten du vil eller ikkje.

Tekst:  
**FREDDIE LANGRIND**  
Trad. tone:  
«Oh, no John!» (eng.)

D A7 D A7 D A7 D A7



Eg er ein skug-ge bak din skul-der, følg-jer med deg steg for steg.

F#m Bm Em A7 D Bm A7sus4 A7




5 Eg set mål med nar-rens fin-ger, og du fer på vil - lan veg.

D A7 F#m A7 D



9 Slik stel eg nok ein dag frå deg!



Eg er ein skugge bak din skulder, følgjer med deg steg for steg.  
Eg set mål med narrens finger, og du fer på villan veg.  
Slik stel eg nok en dag frå deg.

Du tenker djupt og finn ein tanke, ingen kan ha tenkt han før.  
Eg kryp inn og ved ein skanse senkar eg mitt tunge slør.  
Slik stel eg nok en dag frå deg.

Om du vil gje og verkeleggjere plan og draumar, glad og raus,  
skal eg gje deg sære reglar så du endar sanselaus.  
Slik stel eg nok en dag frå deg.

Eg trivast godt i sleipe skallar, dei som har eitkvart dei sel.  
Gir du meg ein lillefinger skravlar eg deg plent i hel.  
Slik stel eg nok en dag frå deg.

Eg har min plass i nye dingsar, slikt som løyser kvart problem.  
Eg som bur i manualen nullar oppskrift og system.  
Slik stel eg nok en dag frå deg.

Det hjelper ikkje kva du gjerer, sjølv om du held hovud` kaldt.  
Eg har sett med list og latter snubletrådar overalt.  
Slik stel eg nok en dag frå deg.